

**Fra:** FNF Sogn og Fjordane (elisabeth@fnf-nett.no)  
**Sendt:** 31.12.2014 13:22:40  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:** Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane; ron overdevest

**Emne:** Innspelskommentar til Høyring av regional plan for vassregion Hordaland 2016  
**Vedlegg:** Rapport om Yndesdalsvassdraget i Massfjorden.docx;Naturvernforbundet.jpg;Turlaget.png  
31.12.2014

Vi har dessverre ikkje hatt tid til å gå så nøye inn i planen som ønska, men har sett på deler av det som gjeld Gulen kommune i Sogn og Fjordane. Legg ved ein rapport frå vassdraget.

For Yndesdalsvassdraget ned til utløpet ved Frøyset er det eit problem med rømt oppdrettsfisk og lakselus. Dette er eit stort og generelt problem i fleire område. Det bør difor i framtida stillast klare mål for korleis løyse dette, få næringa over i meir berekraftige produksjonsformer. Lukka anlegg er truleg den beste løysinga.

I tillegg viser til sak i nrk ang steinbrotet i Sløvåg i Gulen og utslepp av steinstøv og sjøslam som breiar seg ut i auka omfang i areal av sjøbotn.

<http://www.nrk.no/sognogfjordane/sokjer-loyve-til-storre-miljoutslepp-fra-steinbrot-1.12124255>

Bergverksbedrifta har planar om å utvide produksjonen og har i den samanheng søkt om løyve til auka miljøutslepp. Det er ikkje populært.

Nabo Jarle Halsvik seier støvet frå steinbrotet er eit problem for både folk og dyr, og at slammet har endra heile sjøbotnen.

– Det er eit generelt problem både for vegetasjon, dyr og folk som er i området. Og slammet påverkar sjøbotnen og livet i sjøen. Det er jo blitt sandbotn over heile området der ute og det var det ikkje før.

## **– Nok støv og sjøslam slik det er**

Yeoman Halsvik har søkt om løyve til utviding av produksjonen i steinbrotet i Sløvåg i Gulen, med større utslepp av støv og slam.

Med venleg helsing  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Marit Vøien Nes

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernutvalet  
Ron Overdevest

Venleg helsing  
Forum for natur og friluftsliv

Elisabeth Dahle  
FNF Koordinator

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger, mob.: 480 20 532 / 928 19 516

Epost [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no) Nettside [www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)